



DET KONGELEGE
FINANSDEPARTEMENT

Rundskriv

Alle departementa
Statsministerens kontor

Nr.
R-7/2013

Vår ref
13/3866

Dato
17.09.2013

Statsbudsjettet 2013. Tilleggsøyvingar i haustsesjonen – ny saldering

Finansdepartementet skal leggje fram for Regjeringa ei samla oversikt over fagdepartementa sine forslag til tilleggsøyvingar hausten 2013. Finansdepartementet ber derfor om at fagdepartementa sender inn forslag til tilleggsøyvingar for 2013 som det er strengt naudsynt at Stortinget vedtek i haustsesjonen. Dette gjeld også saker om overskriding av mindre omfang og som i tråd med løyvingsreglementet kan avgjerast med samtykke frå Finansdepartementet eller ved kongeleg resolusjon.

Finansdepartementet gjer også merksam på at det kan vere naudsynt å sette ned løyvingar for å tilpasse dei til kravet om realistisk budsjettering.

Finansdepartementet skal ha innspela innan 21. oktober 2013. Forslaga skal fordelast på kapittel og postar med følgjande opplysningar som skal gjevast i 1 000 kroner:

- Rekneskap 2012
- Saldert budsjett 2013 + tilleggsøyvingar hittil i år
- Tilleggsforslag 2013

I hovudbudsjettskrivet for 2014 blei departementa bedne om å sende inn forslag for tilleggsøyvingar i andre halvår 2013 innan 2. august 2013. For at forslaga skal bli behandla, må departementa sende inn konkrete forslag nå. Det er ikkje nok å ha gjeve desse opplysningane tidlegare.

Etter at Regjeringa har teke stilling til forslaga om tilleggsøyvingar, må departementa leggje fram eigne proposisjonar med dei forslaga som vart godtekne. Fristen for å leggje fram slike forslag er 22. november 2013. Utkast til proposisjonen skal leverast Finansdepartementet for kontroll innan 18. november 2013.

Proposisjonen om ny saldering av statsbudsjettet for 2013 vil etter planen bli fremja i statsråd 29. november 2013.

Med helsing

Colin Forthun
avdelingsdirektør

Ingvild Melvær Hanssen
seniorrådgjevar